Føresette til elevar i
1.-7. klasse 2027/2028

PLASS I SFO SKULEÅRET 2027/2028

SFO-tilbodet komande skuleår vil bli som no når det gjeld opningstid:

Opningstid: kvar skuledag frå kl. 07.00 – kl. 08.30 og kl. 14.30 – kl. 16.00. Ein kan be om utvida tid til kl 16.30, mot ein ekstra kostnad på kr 200. Elevane får servert mat etter skuletid på SFO. SFO er ordinært stengt i feriar (vinterferie, påske, sommarferie, haustferie og jul). Det vil bli undersøkt om det er muleg å ha eit SFO-tilbod i vinterferie, haustferie og sommarferie. Eigen info omkring dette vil bli sendt ut. Dette er evt eit ekstra tilbod med eigne prisar etter antal påmeldte barn.

Pris: Ordinært SFO-tilbod kostar neste skuleår ***kr. 1 500 pr. mnd***. Utvida dag (til kl 16.30) kostar ***kr 1 700 pr. mnd***. Ingen søskenmoderasjon. Betalinga skjer forskotsvis i 10 månader. Eventuell oppseiing må skje skriftleg innan den 15. i månaden og med 3 månaders varsel. Eventuell justering av plass har 1 månaders varsel, også skriftleg. Om regjeringa held fram med 12 timar gratis SFO for dei tre yngste årsstega, blir det betaling for kun dei resterande timane for desse.

5.-7. klassingar har høve til å kjøpe halv plass (morgon ***eller*** ettermiddag), under føresetnad av ledige plassar, pris ***kr 700 for morgon og kr 850 for ettermiddag***.

I vedtektene for SFO står det at ***barn som allereie har plass i SFO, treng ikkje å søkje for nytt skuleår, gjeld ut 4.klasse. Søk på nytt for 5.klasse. Hugs eventuell oppseiing om behovet endrar seg.***

Under følgjer søknadsskjema for dei som ikkje allereie har plass.
Fyll ut skjema og lever det til skulen innan 1. april 2027.

Med helsing
Bård Olav Hjelvik
dagleg leiar

SØKNADSSKJEMA

SKULEFRITIDSORDNINGA (SFO)
2027/2028

FRIST FOR TILBAKELEVERING TIL SKULEN: 1. APRIL 2027

Vi søkjer plass for …….
(barnet sitt namn)

□ ordinært
□ utvida (til kl 16.30)
□ tilbod for 5.-7.klassingar morgon
□ tilbod for 5.-7.klassingar ettermiddag
(Set X ved aktuelt tilbod)

Underskrift føresette……..……...……..